

Børsdalsnissen i storform på den vakraste julefesten!

17.12.2019



Børsdalsnissen var som alltid i kjempeform. Sædeles populær!!

Tirsdag vart den årlege julefesten til Integrering og opplæring arrangert i Kulturhuset Husnes. Det var flott dekket til 120 gjester, men likevel måtte det setjast inn ein del ekstrabord på den populære festen. Kor mange nasjonalitetar som var representert veit eg ikkje, men då festleiar og rektor Ingvill G. Sæberg infomerte kort om hausthalvåret i innleinga si, kunne ho fortelja at det hadde vore elevar frå heile 31 nasjonar på skulen.



Einestående stemning og oppslutnad om juletegangen.

Som vanleg stod elevane for eit flott og variert program, og rektor Ingvill G. Sæberg losa festlyden gjennom det på ein framifrå måte. Innleiingsvis var det lystening der 4 grunnskuleelevar frå Syria og Eritrea framførte Inger Hagerup sine adventsvers før festlyden song velkjende og vakre *Tenn Lys* av Eyvind Skeie.

Emelia L. Olsen frå Filippinene og to døtrer fekk verkeleg fram julestemninga då dei song *En stjerne skinner i natt* til mora sitt gode gitarspel. Fire elevar frå Thailand, Serbia og Ukraina fortalde kort om jula og nokre juletradisjonar før eit klassekor imponerte med ei nydeleg framføring av *Vi tenner våre lykter* til pianoakkompagnement av Frode Kaldestad. Henteleiken er fast innslag, og den skaper alltid engasjement, fart og spenning!

Matbordet var som festlyden, internasjonalt og særdeles smakfullt! Og litt uti matøkta dukka sjølvaste Børsdalsnissen opp. Kvart år kjem han på desse festane, og han er alltid like populær. Eg er også ganske sikker på at denne festen er høgdepunktet på nisseturane til Børsdalsnissen kvart år. Han hadde i alle fall blinka toppforma inn!

Siste post på programmet var julepregang. Tre ringar rundt treet var det, og alle nytte den gode stemninga og song av full hals! Her var alle like godt med uavhengig av nasjonalitet og religion, akkurat slik det skal vera på ein god julefest!

Festen vart avslutta med *Deilig er jorden*. Ein fantastisk fest som eg er veldig glad for at eg får oppleve før kvar jul!



Nydeleg sang av dette klassekoret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland